

Notat 2002–12

*Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka*

**Tilleggsnæringar i jordbruket**

**Trender og økonomisk utvikling 1995–2000**

**Tabellsamling 1996–2000**

---

<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Tilleggsnæringar i jordbruket. Trendar og økonomisk utvikling 1995–2000. Tabellsamling 1996–2000
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2002
<b>Antall sider</b>	70
<b>ISBN</b>	82-7077-453-7
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Rogaland og Agder, samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Det deltek omlag 70 bruk frå Rogaland, og 30 bruk frå kvart av Agderfylka i granskinga. Dei økonomiske dataene i kapittel tre (Trendar og økonomisk utvikling for åra 1995–2000), er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra.

Det vert kvart år skifta ut ein del bruk i driftsgranskningane, men kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. Utsifting av bruk og gards-overdraging kan likevel gje utslag i enkeltår. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Distriktskontoret i Bergen er ansvarleg for notatet.

Oslo, mars 2002

Leif Forsell



# Innhald

---

1	INNLEIING .....	1
2	TILLEGGSNÆRINGAR I DRIFTSGRANSKINGANE.....	3
2.1	Fordeling på driftsformer .....	4
2.2	Tilleggsnæring og mjølkeproduksjon.....	4
2.3	Driftsoverskot på tilleggsnæring .....	5
2.4	Maskinkjøring .....	6
2.5	Kvinnelege brukarar .....	6
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING FOR ÅRA 1995–2000 .....	7
3.1	Resultatmål i jordbruket .....	7
3.1.1	Driftsoverskot .....	7
3.1.2	Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til alt arbeid og eigenkapital .....	8
3.1.3	Lønsevne per time .....	9
3.2	Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder .....	10
3.2.1	Nettoinntekt.....	10
3.2.2	Soliditet – eigenkapitalprosent.....	11
3.2.3	Nettoinvestering .....	12
3.2.4	Gjeld.....	13
3.3	Areal .....	14
3.4	Omsett mengde kjøt og mjølk .....	14
4	UTVIKLINGSTREKK 2000.....	17
5	TABELLSAMLING 1996–2000 .....	21

## Figuroversikt

Figur 2.1	Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt på alle bruka i driftsgranskingane. Tala er i faste kroner.....	6
Figur 3.1	Driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk, 2000-kroner.....	8
Figur 3.2	Driftsoverskot på ulike driftsformer, 2000-kroner.....	8
Figur 3.3	Andre bygder, ulike resultatmål, 2000-kroner.....	9
Figur 3.4	Jæren, ulike resultatmål, 2000-kroner.....	9
Figur 3.5	Lønsevne per time, gjennomsnitt for ulike område, 2000-kroner.....	10
Figur 3.6	Lønsevne per time, gjennomsnitt for fylka, 2000-kroner.....	10
Figur 3.7	Utvikling av nettoinntekt og driftsoverskot på Jæren og andre bygder, 2000 kr.....	11
Figur 3.8	Utvikling av egenkapitalprosenten, ulike område.....	12
Figur 3.9	Nettoinvesteringar per bruk, ulike område, 2000-kroner.....	12
Figur 3.10	Gjeldsutvikling på bruk i ulike område, 2000-kr.....	13
Figur 3.11	Utvikling av gjeldsprosent i ulike område.....	14
Figur 3.12	Innmarksareal per bruk i ulike område, oppgitt i dekar. Nederste linje viser leigd areal i gjennomsnitt for landet.....	14
Figur 3.13	Omsett mjølk i ulike område, oppgitt i liter per bruk.....	15
Figur 3.14	Omsett storfekjøtt i ulike område, oppgitt i kg per bruk.....	15

## Tabelloversikt

Tabell 2.1	Tal bruk fordelt regionvis på dei ulike tilleggsnæringane.....	4
Tabell 2.2	Driftsoverskot i gjennomsnitt på dei enkelte tilleggsnæringane.....	5
Tabell 4.1	Samla oversikt for 2000.....	18
Tabell 4.2	Resultatmål i jordbruket 1995-2000, Jæren.....	19
Tabell 4.3	Resultatmål i jordbruket 1995-2000, andre bygder i Rogaland og Agder.....	19

## Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestat, Rogaland.....	22
Tabell 2	Fylkestat, Vest-Agder.....	25
Tabell 3	Fylkestat, Aust-Agder.....	28
Tabell 4	Områdetal, Jæren, alle bruk.....	31
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer.....	34
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer.....	37
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer.....	40
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon.....	43
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald.....	46
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk.....	49
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 daa), alle driftsformer.....	52
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer.....	55
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer.....	58
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon.....	61
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald.....	64
Tabell 16	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald.....	67

# 1 Innleiing

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1 000 bruk over heile landet. Frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder er det kvart år med mellom 125 og 130 bruk i denne granskinga.

Notatet vert publisert på bakgrunn av at det frå fleire hald har vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om jordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskningane. I kapittel 2 er det teken med ein artikkel der temaet er tilleggsnæringar i jordbruket.

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste seks åra, er dokumentert i kapittel 3. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata i dette kapitlet er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Kapittel 4 inneheld resultata frå rekneskapsåret 2000. Tala er samanlikna med 1999, og dei viktigaste årsakene til endringane for dei ulike resultatmåla er presenterte.

Tabellsamlinga i kapittel 5 inneheld tal frå driftsgranskningane for Rogaland og Agder for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for fylka, område, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein definisjonar og forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.



## 2 Tilleggsnæringar i driftsgranskingane

---

Dei siste åra har det vore satsa mykje på å setje i gang tilleggsnæringar i landbruket. Bygdeutviklingsmidlar er sette inn for å motverke nedgang i tal årsverk i jordbruket. I dag er det ikkje mange datakjelder som dokumenterer resultatet av denne innsatsen.

I tillegg til den tradisjonelle jord- og skogbruksdrifta i driftsgranskingane, har vi dei fire siste åra også registrert tal frå «anna næring» og «tilleggsnæring». Anna næring er verksemd kor ein ikkje nyttar bruket sine ressursar, som til dømes kjøring med tømmerbil, gravemaskin, legepraksis, konsulentverksemd m.m. Tilleggsnæring definerer vi som næring kor ein bruker gardsbruket sine ressursar av areal, maskiner, bygningar med meir. Leigekjøring med traktor og utleige av hus som naturleg høyrer til på garden, er eksempel på aktuelle tilleggsnæringar.

I dette kapittelet skal vi sjå nærare på bruk som er registrerte med tilleggsnæring. Vi vil mellom anna presentere kva omfang tilleggsnæringane har og kva for aktivitetar det gjeld. Tilleggsnæringa blir klassifisert ut i frå kva slags næring det er snakk om. Vi har følgjande inndelingar:

- Utmarksnæring
- Utmarksnæring og vareproduksjon
- Utmarksnæring og maskinkjøring
- Utmarksnæring og turisme
- Utmarksnæring og anna tenesteyting
- Vareproduksjon
- Vareproduksjon og maskinkjøring
- Vareproduksjon og turisme
- Vareproduksjon og anna tenesteyting
- Maskinkjøring
- Turisme
- Maskinkjøring og turisme
- Maskinkjøring og anna tenesteyting

- Turisme og anna tenesteyting
- Anna tenesteyting
- Ikkje klassifisert tilleggsnæring

For at ei verksemd skal bli klassifisert som tilleggsnæring, må anten familien ha utført minst 200 timar i verksemda, driftsoverskotet må vere på minst kr 10 000, eller eigedelane i verksemda må ha ein verdi på minst kr 100 000.

Om det skal registrerast fleire tilleggsnæringar på same bruk, må kvar enkelt tilleggsnæring anten ha minst 50 timar, 25 % av driftsoverskotet eller 25 % av verdien av eigedelane i tilleggsnæringane. Dersom meir enn to næringar fyllar desse krava, er koden for tilleggsnæring «ikkje klassifisert».

## 2.1 Fordeling på driftsformer

I driftsgranskingsmaterialet for heile landet er det i alt 418 bruk, det vil seie 44 %, som er registrert med tilleggsnæring. Dette er mest utbreidd på Austlandet, der 57 % av alle bruk driv ei eller anna form for tilleggsnæring. I Nord-Noreg er tilsvarande tal 27 %. På Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) driv 33 % av bruka ei form for verksemd tilknytta gardsdrifta, og på Sør-Vestlandet (Rogaland og Agderfylka) er det 40 %. I Tabell 2.1 viser vi regionvis fordeling av dei ulike tilleggsnæringane.

Tabell 2.1 Tal bruk fordelt regionvis på dei ulike tilleggsnæringane

	Utmarks- næring med div. komb.	Vareprod. med div. kombi- nasjoner	Maskin- kjøring	Turisme	Andre kombi- nasjonar	Ikkje klassifisert
Austlandet	4	12	54	7	26	122
Sør-Vestlandet	2	5	13	1	5	24
Vestlandet	4	4	24	10	5	10
Trøndelag	6	5	25		8	11
Nord-Noreg		6	16		7	2
Sum bruk	16	32	132	18	51	169

Tabellen viser at maskinkjøring er den mest vanlege tilleggsnæringa i alle delar av landet. I kolonna «andre kombinasjonar» er det 38 bruk som driv med «anna tenesteyting». Dette kan til dømes vere saueklypping, grøn omsorg eller arbeid gjennom bygdelag.

## 2.2 Tilleggsnæring og mjølkeproduksjon

Av alle bruka med tilleggsnæring er det 60 % som driv med mjølkeproduksjon. På Vestlandet og Sør-Vestlandet er kombinasjonen mjølk/ tilleggsnæring meir vanleg enn elles i landet, og utgjer ca 80 %. I denne delen av landet er mjølk/ maskinkjøring den mest vanlege kombinasjonen.

Alle bruk med tilleggsnæring og mjølkeproduksjon har i gjennomsnitt 15,4 årskyr. For Vestlandet er dette talet 13,1 årskyr, og for Rogaland og Agder 15,7 årskyr. Dette er nokså likt gjennomsnittet for alle bruk med mjølkeproduksjon.

## 2.3 Driftsoverskot på tilleggsnæring


For mange bruk utgjør driftsoverskotet frå tilleggsnæringa ein betydeleg del av den totale inntekta. I gjennomsnitt for alle bruka i landet som driv med tilleggsnæring, er driftsoverskotet frå tilleggsnæringa på kr 43 700, og det utgjør 11 % av nettoinntekta. Nettoinntekta på desse bruka er i gjennomsnitt kr 414 700, og det er kr 13 700 over nettoinntekta for alle bruka i driftsgranskingane. Driftsoverskot frå jordbruket utgjør på bruka med tilleggsnæring 48 % av familien si samla inntekt. Bruka på Vestlandet kan i gjennomsnitt hente ut kr 51 400 i driftsoverskot frå tilleggsnæringa, og dette utgjør 13 % av nettoinntekta. Tabell 2.2 syner driftsoverskotet fordelt på dei ulike gruppene av tilleggsnæring. I gruppa «vareproduksjon» er det eit lite tal bruk som ligg bak, så der vil det enkelte bruk gje store utslag på resultatet.

Tabell 2.2 Driftsoverskot i gjennomsnitt på dei enkelte tilleggsnæringane

	Utmarks- næring med div. komb.	Vareprod. med div. kombinasj.	Maskin- kjøring	Turisme	Div. kombi- nasjonar	Ikkje klassifisert
Sør-vestlandet	13 001	70 122	42 738	-	47 163	23 491
Vestlandet	22 286	-	68 952	55 345	39 506	46 780
Landet	48 362	46 274	42 694	101 073	31 916	40 520

I gjennomsnitt for alle bruk i landet som er med i driftsgranskingane (975 bruk), er driftsoverskotet frå tilleggsnæringar kr 17 100 i 2000 (figur 2.1), og det utgjør 4,3 % av nettoinntekta, i 1997 utgjorde det tilsvarande talet 3,2 % av nettoinntekta.

I dei tre Vestlandsfylka er det totalt ca 175 bruk med i driftsgranskingane, og i 1997 hadde desse i gjennomsnitt kr 7 300 i driftsoverskot frå tilleggsnæringar. I 2000 har dette talet auka til ca kr 14 400, og det utgjør 3,8 % av nettoinntekta. I Rogaland og Agder har omfanget av tilleggsnæringar variert ein del dei fire siste åra. Det skuldast at det har vore relativt stor utskifting av bruk i dette området og eit avgrensa tal bruk. Tala er meir sikre på større grupper av bruk. På Jæren er driftsoverskotet frå tilleggsnæringar kr 8 100 i gjennomsnitt i 2000, det utgjør 2 % av nettoinntekta i dette området.



*Figur 2.1 Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt på alle bruka i driftsgranskingane. Tala er i faste kroner*

## 2.4 Maskinkjøring

Når ein ser på bruka som er med i driftsgranskingane, er det maskinkjøring som er den mest vanlege tilleggsnæringa. Dette er for mange ei grei verksemd å kombinere med landbruksdrift. Enkelte driv med snøbrøyting, medan nokre har utstyr for rundballpressing og tek på seg arbeid for andre. For landet totalt er det 31 % av bruka som er registrert med rein maskinkjøring som tilleggsnæring. I tillegg er det nokre bruk som driv med maskinkjøring i kombinasjon med andre verksemder. For Vestlandet er det 24 bruk i gruppa med rein maskinkjøring, det vil seie 42 % av alle som har tilleggsnæring i denne delen av landet. Denne gruppa har òg eit høgt driftsoverskot frå tilleggsnæringa. I gjennomsnitt for dei 24 bruka er driftsoverskotet på kr 68 952, og det utgjer 15 % av den totale inntekta på bruket.

## 2.5 Kvinnelege brukarar

For alle bruka i driftsgranskingane er 5,1 % registrert som kvinneleg brukar. Av alle bruka som driv med tilleggsnæring er 4,3 % av brukarane kvinner. Bruka med kvinneleg brukar er fordelt på dei fleste formane for tilleggsnæring. Om det er kvinneleg brukar, så er det i nokre tilfeller mannen som har ansvar for tilleggsnæringa. Alderen på dei kvinnelege brukarane i denne gruppa er i gjennomsnitt 41 år, medan mennene i gjennomsnitt er 6 år eldre.

På bruk med kvinneleg brukar er omfanget både på tilleggsnæringa og jordbruket, mindre enn gjennomsnittet. I denne gruppa er driftsoverskotet frå tilleggsnæringa i gjennomsnitt ca kr 32 000, og det er kr 12 000 mindre enn for alle bruka med tilleggsnæring. Ca 60 % av bruka med kvinneleg brukar og tilleggsnæring driv med mjølkeproduksjon. På desse bruka er tal årskyr i gjennomsnitt 11,7, medan tilsvarende tal for alle bruk med tilleggsnæring er 15,4 årskyr. Tendensen er den same om ein ser på alle bruka i driftsgranskingane med kvinneleg brukar. 48 bruk i driftsgranskingane har kvinneleg brukar, og i denne gruppa er driftsoverskotet frå jordbruket i gjennomsnitt kr 115 000, og det er ca kr 79 000 mindre enn for alle bruka i driftsgranskingane.

# 3 Trendar og økonomisk utvikling for ara 1995–2000

---


Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for fylka; Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder frå 1995 til og med 2000. Materialet er hovudsakleg delt inn for kvart fylke og for to område; «Jæren» og «andre bygder». Andre bygder omfattar dei to Agderfylka samt Rogaland utanom Jæren. For område Jæren er det i 2000 tal frå 42 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa andre bygder er det 83 bruk. Til samanlikning har vi tatt med ein del tal som syner utviklinga for heile landet, og der er det i år tal frå 957 bruk som ligg til grunn. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga, medan talmaterialet for perioden er vist i tabellar i kapittel 5. Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2000-kroner etter konsumprisindeksen.

## 3.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskotet skal gje godtgjering til familien sitt arbeid i drifta, samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen. Frå 1995–1998 var det etter måten små endringar i driftsoverskotet (figur 3.1). I 1999 kom det så ein markert nedgang, som i hovudsak skuldast overproduksjon og dårlege prisar på viktige produkt. I 2000 var det ein auke i driftsoverskotet, og utviklinga var om lag den same både for landet og for dei to områda. Auken skuldast i hovudsak auke i produksjonsomfanget og betre balanse i marknaden. Både på Jæren og andre bygder var også sal av mjølkekvote med på å trekke resultatet opp frå 1999 til 2000. På Jæren auka driftsoverskotet med 11,7 %, til kr 278 800. På andre bygder er omfanget på drifta mindre, men i prosent har auken vore på 16,8 %, til kr 168 600.



Figur 3.1 Driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk, 2000-kroner

For rekneskapsåret 2000 var driftsoverskotet per bruk kr 205 600 i middel for Rogaland og Agder, mot kr 181 700 i 1999. Det tilsvarar ein auke på 13,2 %. Resultatet vil naturlig nok variera mykje mellom ulike driftsformer og område (figur 3.2). På Jæren finn ein store bruk med mjølkeproduksjon i ulike kombinasjonar. Til dømes så hadde gruppa mjølk- og storfekjøttproduksjon på Jæren eit snitt på 24,7 årskyr, medan årskutalet i dei andre bygdene i Rogaland og Agderfylka i snitt var på 13,7. Gruppa av bruk med kombinert mjølk- og svineproduksjon hadde den største auken i driftsoverskotet.




Figur 3.2 Driftsoverskot på ulike driftsformer, 2000-kroner


### 3.1.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til alt arbeid og eigenkapital

Når ein tek driftsoverskotet og trekkjer frå kalkulerte renter av eigedelane i jordbruket, så får ein arbeidsfortenesta til familien. Frå 1995 til 1997 var renta som vert nytta i driftsrekneskapa på 6 %. Mot slutten av 1998 fekk vi ein kraftig renteauke i marknaden, og rentekravet blei derfor sett til 6,5 % i 1998, og 7 % i 1999 og 2000. Auka rentekrav verkar mest inn på driftsformene med mest innsett kapital. For 2000 er arbeidsfortenesta

til familien i middel kr 92 100 for bruka i andre bygder, medan bruka på Jæren har i middel kr 163 600. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital omfattar driftsoverskotet pluss kostnader til leigd hjelp, minus jordbruket sin del av kår og renter på gjeld. Figur 3.3 og figur 3.4 syner utviklinga for ulike resultatmål i dei to områda. Driftsoverskotet ser vi på per bruk, medan vederlag til arbeid og eigenkapital og arbeidsfortenesta er oppgitt per årsverk (eit årsverk er 1875 timar).



Figur 3.3 Andre bygder, ulike resultatmål, 2000-kroner




Figur 3.4 Jæren, ulike resultatmål, 2000-kroner


### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevna viser kor mykje bruket kan betale for samla arbeidsinnsats. I middel har lønsevna per time endra seg lite både for landet og for dei to områda dei siste åra (figur 3.5). Rogaland har som venta den høgaste lønsevna, og dette skuldast at bruka på Jæren har større omfang, areal og avlingar. Den store skilnaden på Agderfylka i 1998 (figur 3.6) er tilfeldig, og skuldast truleg ulikt avlingsnivå dette året. Det totale timetalet på

Jæren er gått ned med knapt 100 timar per bruk frå 1995 til 2000, totalt var det brukt 3 570 timar per bruk i 2000 på Jæren. I andre bygder har endringa óg vore på om lag 100 timar i perioden, det totale timetalet der er 2 850 per bruk i 2000.



Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for ulike område, 2000-kroner



Figur 3.6 Lønsevne per time, gjennomsnitt for fylka, 2000-kroner


## 3.2 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder

### 3.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål som viser den samla inntekta til brukarfamilien, etter frådrag av gjeldsrenter og kår. Middel for alle bruka på Jæren var i 2000 kr 399 300 (figur 3.7), det var ein oppgang på 8,8 % frå 1999. Andre bygder hadde ein oppgang i nettoinntekta på 13,5 % til kr 391 700. For heile landet var nettoinntekta i 2000 på kr 401 000, samanlikna med 1999 var det ei auke på 13 %. Det er hovudsakleg auke i overskotet frå jordbruket og noko auka løsinntekt som gjer at nettoinntekta aukar frå 1999 til 2000.

I 2000 utgjorde driftsoverskotet i gjennomsnitt for Rogaland og Agder 52 % av nettoinntekta mot 51 % i 1999. Her er det stor skilnad mellom distrikta. På Jæren utgjør driftsoverskotet i 2000 70 % av nettoinntekta, mens det tilsvarende talet for andre bygder er 43 %.

Figur 3.7 syner utviklinga av nettoinntekt og driftsoverskot i dei to områda. Dei seks første stolpane viser den samla inntekta til bruka på Jæren. Det nederste feltet er driftsoverskot frå jordbruket. Det øverste feltet er inntekter henta utanom bruket, som til dømes lønsinntekt, pensjonar og tilleggsnæring. Dei seks siste stolpane er tilsvarende tal for andre bygder.




Figur 3.7 Utvikling av nettoinntekt og driftsoverskot på Jæren og andre bygder, 2000 kr

### 3.2.2 Soliditet – egenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan mellom anna bruke egenkapitalprosenten for å vise dette. Det er tilrådd at denne storleiken er på over 50 %, men han kan og vere lågare utan at det er fare på ferde. Høg egenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår dersom det skulle bli naudsynt.


I dette materialet er alle egedelar til brukarfamilien med, også private egedelar som våningshus og privatbil mm. I perioden 1995–99 var det i begge område ein nedgang i egenkapitalprosenten. Figur 3.8 syner utviklinga av egenkapitalprosenten for dei to områda og for landet.



Figur 3.8 Utvikling av eigenkapitalprosenten, ulike område

### 3.2.3 Nettoinvestering


Nettoinvesteringar er verdien av eigedelane minus avskrivningar, tilskot og verdien av selde eigedelar. Når nettoinvesteringa er negativ tyder det på at ein slit på produksjonsapparatet. Dette treng ikkje vere uheldig dersom ein har eit godt driftsapparat. Der det motsette er tilfelle, kan det gå mot store nyinvesteringar eller nedlegging dersom nettoinvesteringa vert negativ eller særst låg i fleire år. Figur 3.9 viser utviklinga av nettoinvesteringane for heile landet, Jæren og andre bygder i Rogaland og Agder. I 1997 og 1998 blei det føretatt særst store investeringar i Agderfylka. Rogaland hadde i same periode ei nettoinvestering på knapt kr 6 000 per bruk per år. I Agderfylka har fleire bruk mellom anna kosta på driftsbygningen for å ha større kjøtproduksjon. Andre har skifta til større traktor for å drive med meir leigekjøring. Store investeringar kan også ha samanheng med nye forskrifter om hald av storfe og svin.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk, ulike område, 2000-kroner


### 3.2.4 Gjeld

Samla gjeld på bruka varierar mykje både mellom driftsformer, storleikar og område (figur 3.10). For heile landet har gjelda auka med 17,5 % til kr 850 700 frå 1995–2000. I andre bygder har gjelda auka med 22 % til kr 885 400 i same periode. På Jæren har gjelda auka mest, frå kr 797 700 i 1995 til kr 1 269 400 i 2000, det vil seie ein auke på 59 %. Noko av dette skuldast at bruka på Jæren er større og har ein større og meir kapitalkrevjande produksjon enn bruka i andre område. Samtidig har det vore ei relativt stor utskifting av dei bruka som har vore med i driftsgranskingane i dette området. Dei minste bruka har anten lagt ned eller redusert drifta for å hente meir inntekt utanom bruket. Dei bruka som har kome inn i gruppa i staden, har i utgangspunktet hatt større produksjon og dermed høgare gjeld.



Figur 3.10 Gjeldsutvikling på bruk i ulike område, 2000-kr

Gjeldsprosenten til eit bruk viser kor stor del av egedelane som er finansiert med frammand kapital. Figur 3.11 viser utviklinga av gjeldsprosenten i ulike område. Bruka på Jæren har høgare gjeldsprosent enn andre bygder og landsgjennomsnittet.




### 3.3 Areal

Frå 1995 til 2000 har gjennomsnittsarealet auka mykje både på Jæren, i andre bygder og for landet totalt (figur 3.12). Jæren har hatt den største auken i innmarksareal, der har arealet i gjennomsnitt auka med 40 dekar per bruk i perioden 1995–2000. I andre bygder er auken på 25 dekar, og for landet totalt er auken på 29 dekar. Store bruk på flatbygdene på Austlandet trekker arealet opp, og gjer at gjennomsnittsbruket i landet får eit innmarksareal på 223 dekar i 2000. Gardsbruka på Jæren har i snitt eit areal på 207 dekar, og bruk i andre bygder har i snitt areal på 168 dekar. Auken i areal er nokså jamt fordelt på dei ulike driftsformane.

Når ein ser på fylka, er det Vest-Agder som har den største auken i areal. Der har arealet i gjennomsnitt auka med 34 dekar, til totalt 181 dekar per bruk. I Rogaland er auken på 29 dekar, og totalarealet der er på 187 dekar i 2000. I Aust-Agder er bruka i gjennomsnitt noko mindre. I 2000 var gjennomsnittsarealet i Aust-Agder på 170 dekar per bruk, og auken frå 1995–2000 var på 23 dekar.


Auken i areal skuldast delvis at bruka leiger meir jord. I snitt for landet har leigd areal auka frå 45 til 60 dekar per bruk frå 1995–2000. På Jæren har omfanget av leigd jord variert ein del i perioden, med eit snitt på ca 27 dekar per bruk. På bruk i andre bygder har leigd areal auka jamt dei siste åra frå 53 til 61 dekar.



Figur 3.12 Innmarksareal per bruk i ulike område, oppgitt i dekar. Nederste linje viser leigd areal i gjennomsnitt for landet

### 3.4 Omsett mengde kjøt og mjølk

Omsett mengde av mjølk og kjøt har auka ettersom bruka har blitt større. Figur 3.13 viser utviklinga av liter mjølk som er omsett i dei ulike områda. Jæren har ein langt høgare produksjon enn andre bygder og landet elles. Der har tal liter mjølk auka frå 92 900 liter i 1995 til 110 800 liter i 2000. Tal årskyr på Jæren har i perioden auka frå 16,4 til 20,5.




Figur 3.13 Omsett mjølk i ulike område, oppgitt i liter per bruk

Omfanget av mjølkeproduksjon i andre bygder er nokså lik gjennomsnittet for landet. I andre bygder har tal liter mjølk auka frå 48 900 liter til 51 550 liter i perioden. Produksjonen i dette området var imidlertid noko høgare i 1998 og 1999 enn i 2000. Tal årskyr var i andre bygder i gjennomsnitt 9,1 i 1995 og 10,5 i 2000.

Mengda av omsett storfekjøtt har òg auka jamt frå 1995 til 2000 (figur 3.14). På Jæren har omsett storfekjøtt auka frå 3 500 kg i 1995 til 4 300 kg i 2000. I andre bygder har det vore ein auke frå 2 020 kg til 2 750 kg i perioden.

Når det gjeld mengde av omsett svinekjøtt, så har det vore om lag den same utviklinga som for storfekjøtt. På Jæren har omsett svinekjøtt auka frå 3 450 kg i 1995 til 4 780 kg i 2000. I andre bygder har dette variert noko, men i gjennomsnitt for perioden er mengde omsett svinekjøtt på ca 2 140 kg.



Figur 3.14 Omsett storfekjøtt i ulike område, oppgitt i kg per bruk



## 4 Utviklingstrekk 2000

---

Hovudtendensar for 2000:

- Auke i driftsresultatet
- Best resultat for Jærbruka, størst auke for andre bygder
- Størst auke i resultatet for bruka med mjølk kombinert med gris

I jordbruksforhandlingane er vederlag til alt arbeid og eigenkapital pr årsverk det sentrale resultatmålet. Resultatet for 2000 viser kr 151 200 mot kr 137 200 i 1999. Auken er på 10,2 %. Ein kjem fram til dette resultatmålet ved å leggje leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter samt kår, og fordelt pr årsverk.

Driftsoverskotet pr bruk var i middel for Rogaland og Agder kr 205 600 mot kr 181 700 i 1999. Dette er ein auke på 13,2 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen.

Resultatet varierer mellom ulike regionar. Jæren (42 bruk) har driftsoverskot på kr 278 700 i middel pr bruk i 2000, ein auke på kr 29 100 frå 1999, medan andre bygder i Rogaland og Agder (83 bruk) hadde ein auke frå kr 144 400 til kr 168 600 (16,8 %). Ser vi på vederlag til arbeid og eigenkapital pr årsverk, viser Jærbruka ein auke på 8,7 % til kr 173 800. Vederlaget for andre bygder i Rogaland viser ein auke på 12,1 % til kr 139 800. Auken skuldast i hovudsak auke i produksjonen, betre balanse i marknaden og betre prisar på viktige produkt som storfekjøtt mot slutten av året. Sal av mjølkekvote er også med på å dra opp resultatet.

Av dei ulike driftsformene, viser mjølkeproduksjon kombinert med svin best resultat på Jæren, medan mjølkeproduksjon kombinert med sau viser best resultat for andre bygder i Agder og Rogaland. Mjølkeprisen gjekk ned 7 øre pr liter på Jæren, 4 øre i andre bygder. Det er også ein liten nedgang i prisen på storfekjøtt og svin, medan prisen på sauekjøtt har auka med over 2 kr pr kg.

Vederlag til arbeid og eigenkapital aukar med storleiken på bruka. I begge regionane viser dei største bruka best resultat med unnatak for dei største bruka utanom Jæren.

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Nettoinvesteringa var i middel for dei 42 bruka på Jæren kr 14 100 (21 000 i 99) og i resten av Rogaland og Agder - 3 000 kr i middel for 1999 (6 200 kr i 99). Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Nettoinntekta pr bruk viser ein oppgang på 8,8 % på Jæren til kr 399 300, og ein auke på 13,5 % til kr 391 700 for resten av distriktet. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, bierverv, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Auken i nettoinntekta skriv seg hovudsakleg frå auke i overskotet frå jordbruket og noko frå løsinntekt.

Driftsgranskingane viser at inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta utgjør ein stor del av nettoinntekta pr bruk. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket. I 2000 utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 52 % av nettoinntekta mot 51 % i 1999.

Samla gjeld pr bruk auka med kr 90 800 (9,8 %) pr bruk i middel siste året. Innbetaling av gjeldsrenter auka frå kr 55 500 til kr 60 200 frå 1999 til 2000.

Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 125 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Sør-vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2000

		Tal- bruk	Innm. areal	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arb. og eigenkap. per arsv.	
				1999	2000	1999	2000
Alle	Rogaland/Agder	125	181	181 700	205 600	137 200	151 200
	Rogaland	67	187	223 400	255 900	154 000	168 900
Fylke	Vest Agder	29	181	140 700	167 400	128 500	141 500
	Aust Agder	29	169	123 400	128 800	109 000	120 900
Jæren	Jæren	42	207	249 600	278 700	159 900	173 800
	100-199 daa	15	151	204 300	216 700	139 900	138 300
	200-300 daa	17	249	318 900	339 000	176 600	197 600
	Mjølkk	23	218	243 000	262 900	157 400	168 300
	Mjølkk/gris	10	180	275 400	333 500	170 900	195 500
Andre bygder	Andre bygder	83	168	144 400	168 600	124 700	139 800
	50-99 daa	12	70	89 600	56 000	107 900	93 900
	100-199 daa	48	145	147 400	183 000	126 400	149 700
	200-300 daa	19	246	170 000	192 700	127 200	132 800
Roga- land og	Mjølkk	44	182	144 200	172 700	116 100	130 300
Agder	Mjølkk/sau	7	204	247 500	264 800	169 100	178 200
	Mjølkk/gris	6	201	169 800	242 000	114 800	158 800

Tabell 4.2 Resultatmal i jordbruket 1995-2000, Jæren

Ar	Tal bruk	Vederlag til arb. og eigenkap. per arsverk		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	2000 - kr	
1995	45	156 900	175 700	94,2
1996	41	168 100	186 000	95,3
1997	42	165 700	178 700	97,8
1998	43	176 000	185 600	100,0
1999	45	159 900	164 900	102,3
2000	42	173 800	173 800	105,5

Tabell 4.3 Resultatmal i jordbruket 1995-2000, andre bygder i Rogaland og Agder

Ar	Tal bruk	Vederlag til arb. og eigenkap. per arsverk		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	2000 - kr	
1995	81	127 700	143 000	94,2
1996	83	132 100	146 200	95,3
1997	82	125 000	134 800	97,8
1998	82	142 000	149 800	100,0
1999	82	124 700	128 600	102,3
2000	83	139 700	139 700	105,5



## 5 Tabellsamling 1996–2000

---

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 2 (50 - 100 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100 - 200 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200 – 300 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50 - 100 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100 - 200 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200 – 300 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon
15. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
16. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 1996–2000. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda «Jæren» og «andre bygder i Rogaland og Agder». For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Fylkestat, Rogaland  
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

	1996	1997	1998	1999	2000
Tal bruk i gruppa	67	66	68	69	67
Alder på brukar	47	45	44	44	43
<b>Arealfordeling og avling pr. dekar</b>					
Korn i alt, daa	5,9	3,7	5,0	5,1	5,0
Korn i alt, FEm pr. daa	558	520	521	520	420
Grønforvekster, daa	13,4	10,6	7,5	4,9	2,8
Grønforvekster, FEm pr. daa	613	639	595	697	402
Grovfor i alt, daa	152,7	161,2	166,3	169,4	179,5
Grovfor i alt, FEm pr. daa	511	528	516	529	492
Jordbruksareal i alt, daa	162,7	167,7	173,4	177,0	187,0
Jordbruksareal i alt, FEm pr. daa	511	527	517	527	488
Leigd areal, daa	20,2	22,9	26,3	24,8	22,5
<b>Husdyrproduksjon</b>					
Arskyr	14,8	15,4	15,5	16,4	16,2
Omsett mjølk, liter	83 381	88 002	87 887	91 064	89 967
Mjølkevote		92 224	90 494	93 590	91 738
Mjølk, pr. arsku, kg	6 371	6 449	6 427	6 317	6 278
Storfekjøtt, kg omsett	3 486	3 558	3 675	3 901	3 853
Tal grisekull	2	3	3	6	6
Slaktegris, kg omsett	2 681	2 675	2 998	3 713	4 024
Vinterfora sauer	27	21	20	17	21
Kg kjøtt pr. vf sau	25	26	27	28	27
Ull, kg omsett	137	124	115	100	106
Egg, kg omsett	2 657	2 566	2 880	2 604	2 995
<b>Arbeidsforbruk, timar</b>					
Brukar	2 274	2 194	2 173	2 065	2 077
Ektefelle	473	529	458	408	440
Barn under 17 ar	30	30	21	28	24
Sum familie	2 777	2 754	2 653	2 501	2 541
Leigd arbeid	747	822	751	810	880
Timar jordbruket	3 524	3 576	3 404	3 311	3 421
Timar skogbruket	40	39	32	34	36
Timar nyanlegg	36	32	23	40	64
<b>Oppnådde priser</b>					
Bygg, kr pr. kg	1,85	1,90	1,80	1,87	1,67
Poteter, kr pr. kg	1,52	1,20	1,26	1,40	1,81
Kumjølk, kr pr. l	1) 3,49	3,29	3,56	3,34	3,24
Kukjøtt, kr pr. kg	2) 31,59	32,45	31,07	27,95	23,87
Anna storfekjøtt, kr pr. kg	2) 36,76	37,74	36,54	33,51	28,09
Smagris, kr pr. stk	770,00	725,00	800,00	692,00	676,15
Svinekjøtt, slaktegris, kr pr. kg	22,61	20,74	21,36	19,92	19,25
Sau- og lammekjøtt, kr pr. kg	2) 33,16	31,45	33,16	36,29	31,80
Ull, kr pr. kg	36,81	36,36	34,47	33,83	33,57
Egg, kr pr. kg	10,35	10,60	10,89	10,95	11,18

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. ar 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. ar 1999

Tabell 1b Fylkestal, Rogaland  
Produksjonsinntekter og -kostnader pr. bruk

	1996	1997	1998	1999	2000
Korn	3 993	2 903	3 422	3 973	2 980
Poteter	5 335	3 325	3 627	4 496	4 623
Andre planteprodukt	7 262	11 593	9 668	11 559	5 490
<b>Planteprodukt</b>	<b>16 590</b>	<b>17 822</b>	<b>16 717</b>	<b>20 029</b>	<b>13 093</b>
Storfe, mjølk	347 787	346 097	363 539	361 357	291 859
Stofe, livdyr og slakt	138 276	152 235	134 347	123 303	120 798
Smagris	4 693	10 000	9 051	8 969	10 997
Slaktegris	63 658	58 057	64 158	69 927	83 995
Purker og ranar	2 293	2 043	3 456	5 627	4 076
Sau, livdyr og slakt	26 312	21 422	21 914	17 816	19 841
Ull	5 197	4 230	4 008	3 468	3 526
Fjørfe, egg, livdyr og slakt	25 665	27 841	30 763	31 715	30 566
Geit, melk, livdyr og slakt					2 311
Andre innt. husdyrholdet	511	1 159	409	396	1 099
<b>Husdyrprodukt</b>	<b>614 394</b>	<b>623 084</b>	<b>631 645</b>	<b>622 578</b>	<b>569 068</b>
Areal- og kulturlandskaptillegg, grovfor	43 838	49 858	58 188	46 669	46 562
Areal- og kulturlandskaptillegg, korn	1 362	1 479	979	1 456	1 177
Produksjonstillegg, husdyr	56 136	60 618	63 370	67 147	78 551
Drifts-, grunn- og distriktstilskot <sup>1)</sup>					79 707
Refusjon av avløysarutgifter	37 834	38 325	41 515	44 229	53 389
Andre tilskot og trygder	1 498	2 370	2 217	6 513	5 847
Leigeinntekter traktor og reiskap	1 952	2 821	2 504	3 752	2 443
Traktor i skogen / anna inntekt	1 747	2 023	2 225	1 509	2 759
Sal av mjølkevote					13 859
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>775 351</b>	<b>798 400</b>	<b>819 360</b>	<b>813 882</b>	<b>866 455</b>
Kraftfor	153 454	164 057	167 039	175 036	178 268
Andre forkostnader	14 881	13 130	11 521	7 798	11 505
Savarer	5 803	5 044	4 921	4 807	4 323
Handelsgjødsel og kalk	27 655	27 773	24 159	25 624	22 738
Konserveringsmidlar	6 481	7 081	7 104	7 385	7 438
Kjøp av dyr	37 185	37 222	39 495	34 053	33 231
Forbruksartiklar og diverse	28 554	29 466	30 040	37 116	38 589
<b>Variable kostnader</b>	<b>274 013</b>	<b>283 773</b>	<b>284 279</b>	<b>291 819</b>	<b>296 092</b>
Leigd arbeid	73 106	77 981	79 649	87 909	93 730
Drivstoff	5 422	6 009	6 149	6 531	7 813
Vedlikehald jord, vegar, grøfter, vassanl.	3 152	4 390	5 681	6 343	5 585
Vedlikehald driftsbygningar	23 906	25 642	25 237	26 836	23 591
Vedlikehald traktor og maskiner	28 082	28 930	30 542	26 221	28 724
Avskrivingar	58 397	66 183	69 441	76 603	83 323
Maskinleige	9 028	10 787	12 213	14 489	14 196
Andre kostnader	44 541	50 956	50 609	53 699	57 458
<b>Faste kostnader</b>	<b>245 634</b>	<b>270 878</b>	<b>279 521</b>	<b>298 631</b>	<b>314 420</b>
<b>Kostnader i alt</b>	<b>519 647</b>	<b>554 651</b>	<b>563 800</b>	<b>590 450</b>	<b>610 512</b>

1) Driftstilskot, grunntilskot og distriktstilskot er inkludert i prisane til og med ar 1999.

Fra og med ar 2000 vil desse tilskota bli ført pa eigen linje.

Tabell 1c Fylkestal, Rogaland  
Resultat og balanse

	1996	1997	1998	1999	2000
Driftsoverskot	255 704	243 749	255 560	223 432	255 943
- Renter av aktiva i jordbruket	73 209	73 553	78 230	94 138	101 698
Familiens arb. fortjeneste	182 495	170 196	177 330	129 293	154 245
Familiens arb. fortjeneste pr. arsverk	123 219	115 874	125 327	96 931	113 817
Lønsevne i alt	255 601	248 176	256 978	217 202	247 975
Lønsevne pr. time	72,53	69,40	75,48	65,61	72,48
Vederlag til arb. og egenkap. pr. arsv.	161 015	155 173	168 605	154 006	169 181
<b>Rekneskapsamandrag</b>					
Driftsoverskot, jordbruk	255 704	243 749	255 560	223 432	255 943
Driftsoverskot, skogbruk	1 680	883	1 675	2 149	1 127
Driftsoverskot, tilleggsnæring		5 224	9 132	13 780	8 915
Driftsoverskot, anna næring	30 284	11 539	19 723	16 043	13 801
Løsinntekt	117 872	130 248	147 153	151 538	151 279
Pensjonar	9 448	8 491	5 495	8 275	3 346
Sjukepengar		4 503	5 779	7 849	14 919
Aksjeutbyte / erstatning		1 259	7 695	3 061	14 097
Arbeid nyanlegg	3 791	3 439	2 619	4 769	7 963
Renteinntekter	9 002	6 543	7 996	8 887	10 091
- Renteutgifter	40 052	38 043	44 895	60 174	63 522
- Kar	5 987	6 203	6 410	6 434	6 490
Nettoinntekt	381 742	371 634	411 522	373 173	411 469
Privatforbruk eks. skatt	273 526	270 659	296 364	311 254	322 249
Skatt	119 449	114 280	122 187	136 490	125 188
<b>Balanseoversikt (UB)</b>					
Kontantar og bankinnskott	210 159	178 314	179 285	161 278	204 727
Andre krav	111 193	82 163	77 659	82 420	72 264
